

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

**Ikkje publiser
IP**

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato:

20/16260-19

10.03.2024

Referat frå møtet i Samarbeidsutvalet 07.03.2024

Møte nr.	2
Møtedato/tid:	07.03.2024 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Jimmy Håkonsund, leiar FAU Jannicke Høyland, nestleiar FAU Ruben Håvik, politisk representant Aksel Kalgraff Håkonsund, leiar elevrådet Solveig Ulvøen, nestleiar elevrådet Helena Håkonsund, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor

Sak nr.	Tema
10/23-24	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkallinga og sakslista blei godkjent, men det var ein merknad frå førre politiske representant på referatet frå sist: Det er lagt inn forslag om 5 millionar til utomhusplan frå kommunedirektøren i 2024. Dette var ikkje vedtatt då referatet kom ut, men i referatet stod det som om det var bestemt.
11/23-24	Oppfølging av saker frå sist møte: Utanomhusplanen – SUS får 5 millionar til å realisera utanomhusplanen sin. No er det vedtatt i budsjettet. Skulen ventar enno på kontakt med prosjektleiar. Her skal rektor purra på. Kortautomaten til elevrådet er kjøpt og tatt i bruk.

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG**Kontonummer**
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	Skuleturane for tiande trinn er unnagjort. Det blir ny tur til hausten for nytt tiandeklasse-kull.
12/23-24	<p>Informasjon frå elevrådsleiar: Elevrådsleiar, Aksel Kalgraff Håkonsund, og nestleiar, Solveig Ulvøen, informerte om saker elevrådet jobbar med:</p> <p>Etter jul har det vore karneval med muffins og aktivitetar for elevane. Sommarballet må snart planleggast. Viktig å unngå eksamen. Elles har det ikkje skjedd så mykje frå elevrådet si side.</p>
13/23-24	<p>Informasjon frå FAU: Det har vore eit møte sidan sist SU-møte. Dei ulike gruppene som er oppretta i FAU er i startgropa. Ei gruppe jobbar med rutineskriv. Bankbytte til SPV grunna veldig mykje gebyr til DNB.</p>
14/23-24	<p>Informasjon frå rektor: Utanomhusplanen: Me har fått ein prosjektleiar, Arne Monsen. Venter på samtale med han og at prosjektet blir lagt ut på anbod. SU er uroa for om det er mogeleg å få til noko så snart som i sommarferien, noko skulen håper på.</p> <p>I januar fekk me på plass to nye kjøkkenstasjonar på kjøkkenet. Dette vil gje betre rom for matlaging.</p> <p>Me har fått auka helsesjukesleiarressursen vår til 100 %, og skulelegen har auka opp frå annakvar tysdag til kvar tysdag.</p> <p>Utviklingsarbeidet vårt, «Vår tids skule», går framover. Me hadde ein planleggingsdag 9. februar der alle trinna arbeidde med eit tverrfagleg arbeid som skulle vera både elevaktivt og praktisk. Framover vil me rusta oss for neste år, og me jobbar med korleis me skal implementera dei nye tankane.</p> <p>Elevundersøkinga – me såg på tala våre og diskuterte dei. Dei skal også bli vist i elevrådet, til FAU og til dei tilsette.</p> <p>Sund ungdomsskule har fått i stand eit samarbeid med dei tre barneskulane som alle soknar til oss. Her utvekslar me erfaringar, og me har planar om at alle sjuandeklassingane kan få ein dag saman på SUS medan tiandeklassingane våre lagar til eit opplegg på barneskulane. Dette for å trygga elevane for neste år. Me har også snakka om ei fadderordning.</p> <p>På SU-møtet kom også dette forslaget: Foreldremøte for nye 8. klasse i Strandahallen: Kontaktlærarane tar elevane ned i klasserommet medan foreldra får nyttig informasjon. Foreldra kan koma ned og henta elevane sine på skulen og få sjå klasseromma, og då kan ein</p>

	<p>kanskje velja klassekontaktar også slik at FAU kan starta opp veldig tidleg.</p> <p>I tillegg kom det ønske om å ha eit foreldremøte i åttande på vårparten der ein fekk diskutera litt. Dette hadde me i fjor, noko som blei veldig bra, men det var veldig få påmelde foreldre, noko som var skuffande. Eit godt foreldremøte for dei som kom, men mange gjekk glipp av det.</p>
15/23-24	<p>Neste år</p> <p>Det blir fire store klassar neste år. Rundt 110 elevar, to til Danielsen.</p> <p>Me har lyst å kjøpa eit sett med bøker til alle elevane kvart år, og me ønskjer å ha Skolestudio til heile skulen.</p> <p>Eigen alternativ opplæringsarena: Me har nokre elevar som me kjøper alternative opplæringsarenaplassar til. Dette er noko me ønskjer å overta sjølv i stor grad frå neste skuleår, noko me tenkjer me vil spara litt på og også noko som vil føra til at dette opplegget heng meir saman med det andre me gjer på skulen. Me ønskjer at alle elevane kan få nytte av ein slik arena. Planen vår er å leiga rom hos Telavåg eigedom. Me viste teikningane av romma/huset og forklarte korleis me har tenkt dette. Her skal basen få nokre dagar, elevar som treng meir praktisk undervisning ei tid og dei ulike klassane ei tid.</p>
16/23-24	<p>Eventuelt</p> <p>SU-leiar utfordrar elevrådet til å laga budsjett og rekneskap til ball samt til kiosken. Representantane frå elevrådet seier sjølv dei må sjå på kven som står i kiosken for det er ikkje alt som har fungert like godt.</p>
17/23-24	<p>Saker som skal følgjast opp</p> <p>Utanomhusplanen</p> <p>Budsjett- og rekneskapsarbeidet til elevrådet</p> <p>Ny møtedato blir: Torsdag 23.05</p>

Referent Anne Hufthammer

Med helsing

Anne Hufthammer
 rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

